



KORe' Vindafjord



Tilbod til alle som jobbar i  VINDAFJORD KOMMUNE

Me arbeider i ein stor organisasjon. Likevel er det lite me ser til våre kollegaer i Vindafjord kommune. Difor synest me det er på sin plass at me får "sveist" oss saman på tvers av avdelingar, uavhengig av stilling og rang. Underteikna har lenge tenkt på at me burde finne på noko som gjer at me også gjer ting saman utanom jobb. Det er så mange musikalske talent med flotte songstemmer i vår organisasjon. Me ser i den samanheng for oss at me skipar til eit **KOR** der me treffest i Servicetorget annakvar onsdag til øving og sosialt samvær. Me håpar så mange som mogleg har lyst til å bidra til at me blir ein "sterkare" organisasjon.....

Du treng ikkje ha mykje erfaring. Meld deg på og bli med på noka kjekt!

Namnet på koret er så originalt som:



Rådmann Helge Thorheim er særst positiv til dette tiltaket og meiner dette kan vera med på å gjera organisasjonen vår betre. Han har lova oss økonomisk støtte til lønning av dirigent og pianist m.m. Me har vore så heldige å fått ein dyktig dirigent: **ANITA JØRSTAD GRINDHEIM**. Ho kjem frå Etne og jobbar på Sandeid skule.....

Me ønskjer, som sagt, å ha øving annakvar onsdag i Servicetorget (18.30 - 20.30)....

Dersom du er interessert, meld deg på til ein av oss [innan utgangen av september mnd!](#)

Me tek sikte på å ha første møte/øving onsdag 3. oktober kl. 18.30 i Servicetorget

Me håpar at dette koret vert ein realitet.

Bli med og set Vindafjord på kartet!

Helsing

Berit Hetland: berit.hetland@vindafjord.kommune.no

Eva Kalstveit: eva.kalstveit@vindafjord.kommune.no

Nils Erik Eide: nils.erik.eide@vindafjord.kommune.no

